

Soppskadar vippta VUS i minus

RADØY: I fjor vart det oppdaga ekte hussopp i Emigrantkyrkja på Sletta. I haust vart skadane avdekka og utbetra, og det har kosta.

– Me kom heilt i mål med utbetringane før jul, i tide for julekonserteren med Mari og Solveig. Med god dugnadshjelp vart totalkostnaden på 225.000 kroner, seier Ida Dyrkorn Heierland, avdelingsleiar for Vestnorsk Utvandringssenter.

Dette er pengar Utvandringssenteret ikkje har på slutten av eit budsjettår.

– Me får eit underskot i år på det beløpet, men me har sendt søknader ut lokalt i Nordhordland og til stiftinga UNI, med håp om å få dekkja dette inn, seier Heierland.

– Eg håper verkeleg at me får inn desse midlane. Det er alltid godt å ha nokre oppsparte midlar på plass

når me finn slike ting. Det er det som gjer at me kan ta fatt i skadane der og då, seier ho.

Heierland kan ikkje få rost Utvandringssenterets venner, med Oddmund Skjelvik i spissen, nok for dugnadsinnsatsen deira.

– Utan deira innsats hadde me ikkje komme i mål før jul. Dette er folk som står på utan å få ei krone betalt, seier Heierland.



Sluttar som rektor

MODALEN: Gisle Heimly (bildet) sluttar som rektor på Mo skule frå 15. mars. Han skal tilbake til ei stilling på Høgskulen i Bergen, avdeling for lærarutdanning.

– Eg fekk eit jobbtilbod som eg ikkje kunne seia nei til, seier han til Strilen. Heimly har vore rektor på Mo skule i fire år. Han og familien skal framleis bu i Modalen.



Lindåsing utsett for angrep i Algerie

ANGRIPE: Dette Statoil-anlegget i Algerie vart angripe av terroristar onsdag.

(Foto: Kjetil Alsvik/Statoil)

ALGERIE: – Me var berre to hundre meter frå leiren då dei dukka fram frå mørket og skaut mot oss, seier ein Statoil-tilsett frå Lindås til Strilen.



Av Silje Sæterdal Bøyum
silje@strilen.no

Fire Statoil-tilsette frå Nordhordland og Gulen skal, etter det Strilen kjenner til, ha vore på jobb i

Algerie, då militante islamistar gjekk til angrep onsdag morgon.

Buss med oljearbeidarar

Islamistane angreip først ein buss med oljearbeidarar som var på veg til flyplassen. Ein mann frå Lindås var om bord i bussen, men det var ikkje andre frå Nordhordland med denne.

– Det var heilt sprøtt, me var berre to hundre meter frå leiren då dei dukka fram frå mørket og skaut mot oss, seier han til Strilen.

Han skulle til flyplassen ved In Amena for å reisa til Italia for å fullføra ein jobb, då bussen vart angripen rundt klokka 05.50.

I uvisse om kollegaer

Lindåsinga fortel at vaktene

som vaktar installasjonen og leiren, slo angrepet raskt tilbake, slik at dei kunne kjøra vidare.

«Er evakuert frå bussen/leiren. Alt vel med meg. Trygg på ein militærførelgning» var meldinga kona fekk frå han onsdag formiddag.

Korleis det går med dei andre tre kollegaene frå Nordhordland, veit han ikkje, for han er blitt oppmoda om å ikkje prøva å ta telefonisk kontakt, i tilfelle det kan setja dei i fare.

Uklar situasjon

Like før Strilen gjekk i trykken onsdag ettermiddag skreiv bt.no at to var drepne og seks vart skadde i angrepet på Statoil-anlegget. Nasjonaliteten til dei drepne var då ikkje offisielt be-

krefta. Tre nordmenn skal vera tekne som gislar, skreiv bt.no klokka 16 onsdag. Fleire personar skal vera kidnappa, frå ulike nasjonar. Minst to islamistiske grupper, begge med tilknytning til Al-Qaeda, hevdar dei står bak angrepet til nyhetsbyrået ANI og det franske nyhetsbyrået AFP.

20 Statoil-tilsette ved anlegget

In Amenas er eit våtgass-felt drive av selskapa Sonatrach, BP og Statoil i lag. Statoil har i underkant av 20 medarbeidarar ved anlegget. Fleire enn 10 av desse er norske, opplyser Statoil i ei pressemelding.

Statoil stadfester i ei pressemelding at dei onsdag morgon vart varsla om ein «alvorleg situasjon» ved gassproduksjons-

anlegget In Amenas i Algerie. Statoil varslar alle pårørende om kva som har skjedd, men hadde ikkje oversikt over situasjonen, då Strilen var i kontakt med dei. Statoil meldte då at dei vil komma med meir informasjon på ei pressekonferanse onsdag kveld.

På ein pressekonferanse klokka 17 i går, opplyste Statoil at 17 av deira tilsette var i nærleiken av anlegget då angrepet skjedde. 13 av desse er norske. Pressa fekk opplyst at fire nordmenn var i sikkerheit i ein militærcamp, og at to personar er lettare skadde.

Meir informasjon om situasjonen til dei tilsette vart ikkje gitt, då situasjonen var framleis uoversiktleg og uavklart.